

**Fra:** Per Jarle Kosior Valvatne (Per.Jarle.Valvatne@vlfk.no)

**Sendt:** 03.09.2021 14:40:59

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål til utvalsmøte i SAMO 08.09.21- Omklassifisering av fylkesvegar og flaskehalsutbetring Korrekt versjon

**Vedlegg:**

I år har Kystskogbruket presentert TØI rapporten «*Samfunnsøkonomisk nytte av å fjerne flaskehalsane på kommunale vegar*». I den samanhengen kjem det opp ei problemstilling som går på vektklassar på kommunale og fylkeskommunale vegar. Representantar for landbruksnæringane hevdar at mange vegar kan oppklassifiserast utan store kostnader. Kjøyring med større lass på vegane vil gje betre økonomi for landbruksnæringane og samstundes kunne redusere utsleppa frå transporten monaleg. Har Vestland fylkeskommune ein strategi på korleis flaskehalsane på fylkeskommunale vegar skal kunna utbetrast og er oppklassifisering av vektklassar og punktutbetring med i vurderingane?